Førdefjorden

Bygd for trivsel



fordefjorden.no

Presentasjon

Førdefjorden ligg i Askvoll kommune og strekkjer seg frå Stavestranda til Hestvik. Namnet vert brukt som ei fellesnemning på bygdene med postadresse Kvammen. Der Stavfjorden går over til Førdefjorden startar samtidig ei fjellrekke med Blegja som eit massivt høgdepunkt. Mellom desse finn ein levande bygdesamfunn med aktive gardsbruk og eit lokalt sentrum i vekst.

Styrken til dette området er ein kombinasjon av ei sentral plassering i forhold til attraktiv jobbmarknad i Førde og unike friluftsmuligheiter. Både kommunesentrum i Askvoll og regionssenter i Førde ligg 3 mil frå kommunalt byggefelt. Dette er godt innanfor akseptert pendleavstand.

Området har barnehage og barne- og ungdomsskule sentralt plassert i bygda. I nærleiken til kommunalt byggjefelt finn ein Jokerbutikk med drivstoff, tipping og post i butikk.

Sentral i utviklinga av området er Kvammen Allaktivitetshus som er samlokalisert med Jokerbutikken. Her finn ein forsamlingslokale, trimrom og dusj- og garderobeanlegg. Eit storkjøkken der det skal vere høve å drive næring er under planlegging. I området rundt butikk og byggjefelt ligg det fotballbane, sandvolleyballbane og leikeplass







Tomter

I perioden 2009 til 2011 sel Askvoll kommune kommunale tomter for kr. 1,-. Dette har vore eit populært tiltak men framleis er det attraktive tomter ledige.

Tomtene ligg på Ålahøgda med gangavstand til daglegvarebutikk, trimrom, sandvolleyballbane ballbane og leikeplass. Skule, barnehage og SFO ligg omlag 4 kilometer unna. Tomtene ligg skjerma frå biltrafikk og har vakker utsikt mot Blegja og Ålesundet. Dei er tilrettelagt med veg, vatn og avlaup fram til tomtegrensa Kontakt Askvoll kommune for meir informasjon og vilkår for kjøp av desse tomtene.

Ynskjer du å prøvebu i området kan Førdefjorden Vel formidle utleige av private bustader. Ta kontakt med tormselv@online.no Ein finn utfyllande informasjon om tomtene og området på fordefjorden.no



Fritid

Fotballtrening eller leirdueskyting? Kino eller musikkverkstad? Gå på fjelltur eller hoppe i høyet? ☺ Bygda har eit breitt utval av organisert aktivitet. Vi har eit organisasjonsliv som engasjerer og aktiviserer.

I Kvamsvika har Kvammen Båtlag småbåthamn. Her er det framleis ledige båtplassar. Kort avstand til hovudleia og ei godt skjerma hamn er gode argument får å ha båt liggande her. Landområdet rundt båthamna er under opparbeiding og saman med badestrand tett ved vil dette verte eit flott område for heile familien.

I Øyravatnet arbeider NHF Askvoll/Rørvik lag med badestrand med universell utforming. Denne står ferdig til badesesongen 2011. 4H skal byggje gapahuk i dette området.

Ynskjer ein å prøve fiskelukka kan ein velje mellom vatn som ligg lett tilgjengeleg med aure sjølv katten syns er for liten eller ein kan prøve meir avsidesliggande vatn der storauren lurer.

Ynskjer ein å utfordre storfisk til havs er området rundt Flokenes eit godt val, både på djupt og grunt vatn. Ålesundet er og eit godt alternativ. Skulle alt anna slå feil kan du vere sikker på at makrellen er i hogget!

Askvoll kommune



Askvoll kommune ligg sentralt plassert langs kysten. Kommunen har i dag 3000 innbyggjarar med spredt busetnad. Kombinasjonen av øysamfunn som Bulandet og Værlandet som er bygd opp rundt det havet tilbyr både når det gjeld næring og rekreasjon, fastlandsområder med stor industrihistorie og nærleik til variert jobbmarknad gjer til at dette er ein kommune som bør være attraktiv for mange.

Askvoll er god på natur. Variert natur. Øysamfunna i vest innbyr til havpadling medan steile fjelltoppar i aust er eit eldorado for turinteresserte. Spesielt kan ein trekke fram Indre Sunnfjord Turlag si turisthytte "Nipebu" som ligg ved Langevatnet. Hytta er innan rekkevidde for heile familien og det er merka sti både frå Markavatnet i Skjærlia og frå Rivedal. I Askvoll er det rom for eventyr! Les meir på askvoll.kommune.no

Oppsummering





